



Turistvegseksjonen  
Statens Vegvesen

Dato: 03.09.2018  
Vår ref.: 2017/17969-9  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref.:

## Rasteplassar Indre Ålvik og Ytre Ålvik

Vi viser til referat frå møte 26. juni 2018 mellom Turistvegseksjonen i Statens Vegvesen og Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og til vårt brev datert 11. oktober 2017 «Nytt utsiktspunkt til erstatning for Fv7 Lussand» der det vart stadfesta at det kan nyttast 4,3 mill kr til nytt utsiktspunkt i Ytre Ålvik til erstatning for avvikla rasteplass ved Lussandberget. Vidare har fylkeskommunen avsett inntil kr. 700.000 over Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet til toalettanlegg på rasteplass ved Indre Ålvik.

Vi registrerer at det har vore vanskeleg å få realisert ny rasteplass ved Ytre Ålvik. Turistvegseksjonen har føreslått å overføre midlar til opparbeiding av rasteplassen ved Indre Ålvik i staden. For at denne rasteplassen skal bli eit fullverdig turistvegpunkt, må toalettanlegget fornyast, og det er mogleg å auke kapasiteten. Uteområda er også føreslått opparbeida.

Under føresetnad av avtale med grunneigar ved rasteplass ved Ytre Ålvik, ønskjer turistvegseksjonen å lage ein enkel stopplomme på plassen med litt møblar.

Fylkeskommunen viser til at det i utgreiing om Reiseliv og infrastruktur blir rådd til å byggje opp noen få, men kapasitetssterke rasteplassar som kan ta større grupper med reisande. Ut i frå dette støttar vi Turistvegseksjonen sitt framlegget til omdisponering av midlar til utvikling av rasteplass frå Ytre Ålvik til Indre Ålvik.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kop: Statens Vegvesen region vest